

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) nr. 868/2011

2016/EØS/47/39

av 31. august 2011

om godkjenning av eit preparat av *Lactobacillus plantarum* (DSM 21762) og eit preparat av *Lactobacillus buchneri* (DSM 22963) som tilsetjingsstoff i fôrvarer for alle dyreartar(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer⁽¹⁾, særleg artikkel 9 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneheld føresegner om godkjenning av tilsetjingsstoff i fôrvarer og om vilkår og framgangsmåtar for å gje slik godkjenning.
- 2) I samsvar med artikkel 7 i forordning (EF) nr. 1831/2003 er det sendt inn søknader om godkjenning av eit preparat av *Lactobacillus plantarum* (DSM 21762) og eit preparat av *Lactobacillus buchneri* (DSM 22963). Saman med søknadene var òg dei opplysningane og dokumenta sende inn som krevst i medhald av artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003.
- 3) Søknadene gjeld godkjenning i kategorien «teknologiske tilsetjingsstoff» av eit preparat av *Lactobacillus plantarum* (DSM 21762) og eit preparat av *Lactobacillus buchneri* (DSM 22963) som tilsetjingsstoff i fôrvarer for alle dyreartar.
- 4) I ei fråsegn av 15. mars 2011⁽²⁾ slo Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (heretter kalla «Styresmakta») fast at *Lactobacillus plantarum* (DSM 21762) ikkje har nokon skadeverknad på dyrehelsa, menneskehelsa eller miljøet, og at dette preparatet kan

betre produksjonen av ensilasje frå alle typar fôr ved at det reduserer pH-verdien og betrar lagringsevna til tørrstoff. Styresmakta reknar ikkje at det er naudsynt med særlege krav om overvaking etter marknadsføring. Ho stadfesta dessutan den rapporten om metoden for analyse av tilsetjingsstoffa i fôrvarer som er lagd fram av referanselaboratoriet til Fellesskapet, som vart skipa ved forordning (EF) nr. 1831/2003.

- 5) I ei fråsegn av 7. april 2011⁽³⁾ slo Styresmakta fast at *Lactobacillus buchneri* (DSM 22963) ikkje har nokon skadeverknad på dyrehelsa, menneskehelsa eller miljøet, og at dette preparatet kan betre produksjonen av ensilasje ved å auke produksjonen av eddiksyre. Styresmakta reknar ikkje at det er naudsynt med særlege krav om overvaking etter marknadsføring. Ho stadfesta dessutan den rapporten om metoden for analyse av tilsetjingsstoffa i fôrvarer som er lagd fram av referanselaboratoriet til Fellesskapet, som vart skipa ved forordning (EF) nr. 1831/2003.
- 6) Vurderinga av preparatet av *Lactobacillus plantarum* (DSM 21762) og preparatet *Lactobacillus buchneri* (DSM 22963) viser at dei vilkåra for godkjenning som er fastsette i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1831/2003, er oppfylte. Bruken av desse preparata bør difor godkjennast i samsvar med vedlegget til denne forordninga.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Preparata som er førte opp i vedlegget og tilhører kategorien «teknologiske tilsetjingsstoff» og funksjonsgruppa «tilsetjingsstoff i ensilasje», vert godkjende som tilsetjingsstoff i fôrvarer på dei vilkåra som er fastsette i vedlegget.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 226 av 1.9.2011, s. 2, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 37/2012 av 30. mars 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 43 av 2.8.2012, s. 6.

⁽¹⁾ TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

⁽²⁾ *EFSA Journal* 2011; 9(3):2113.

⁽³⁾ *EFSA Journal* 2011; 9(4):2138.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 31. august 2011.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO

President

VEDLEGG

Identifikasjonsnummeret til tilsetningsstoffet	Namnet til innehavaren av godkjenninga	Tilsetningsstoff	Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode	Dyreart eller dyregruppe	Høgste alder	Lågste innhald	Høgste innhald	Andre føresegner	Godkjenninga gjeld inntil
						KDE/kg organisk materiale			
Kategori: teknologiske tilsetningsstoff. Funksjonsgruppe: tilsetningsstoff i ensilasje									
1k2071	—	<i>Lactobacillus plantarum</i> (DSM 21762)	<p><i>Samansetnaden til tilsetningsstoffet:</i> Preparat av <i>Lactobacillus plantarum</i> (DSM 21762) som inneheld minst 5×10^{11} KDE/g tilsetningsstoff.</p> <p><i>Karakteristikk av det aktive stoffet:</i> <i>Lactobacillus plantarum</i> (DSM 21762)</p> <p><i>Analysemetode</i>(¹): Teljing: platespreingsmetoden: EN 15787 Identifikasjon: pulsfeltgelelektroforese (PFGE).</p>	Alle dyreartar	—	1×10^8	—	<p>1. Bruksrettleiinga for tilsetningsstoffet og premiksen inneheld opplysningar om lagringstemperatur og lagringstid.</p> <p>2. Minstedosen av tilsetningsstoffet kan tilpassast når det vert nytta saman med andre mikroorganismar som tilsetningsstoff i ensilasje.</p> <p>3. Tryggleikstiltak: pustevern og hanskar bør nyttast under handsaminga.</p>	21. september 2021
1k2072	—	<i>Lactobacillus buchneri</i> (DSM 22963)	<p><i>Samansetnaden til tilsetningsstoffet:</i> Preparat av <i>Lactobacillus buchneri</i> (DSM 22963) som inneheld minst 5×10^{11} KDE/g tilsetningsstoff.</p> <p><i>Karakteristikk av det aktive stoffet:</i> <i>Lactobacillus buchneri</i> (DSM 22963)</p> <p><i>Analysemetode</i>(¹): Teljing: platespreingsmetoden: EN 15787 Identifikasjon: pulsfeltgelelektroforese (PFGE).</p>	Alle dyreartar	—	1×10^8	—	<p>1. Bruksrettleiinga for tilsetningsstoffet og premiksen inneheld opplysningar om lagringstemperatur og lagringstid.</p> <p>2. Minstedosen av tilsetningsstoffet kan tilpassast når det vert nytta saman med andre mikroorganismar som tilsetningsstoff i ensilasje.</p> <p>3. Tryggleikstiltak: pustevern og hanskar bør nyttast under handsaminga.</p>	21. september 2021

(¹) Nærmare opplysningar om analysemetodane er å finne på nettstaden til referanselaboratoriet til Fellesskapet: http://irmm.jrc.ec.europa.eu/EURLs/EURL_feed_additives/Pages/index.aspx